

122/87.

## KOMMUNEPLANEN. SEKTORPLAN FOR UTBYGGING - BUSTADBYGGING

Sektorplan for utbygging - bustadbygging omfattar fylgjande delar:

- Eksisterande bustadtilhøve.
- Bustadbygging i dei seinare år.
- Bustadbehov.
- Bustadbygging i krinsane.
- Tomtereservar i felt.
- Tilhøva i dei einskilde krinsane.
- Handlingsprogram.

Planutvalet har i møtet 17.09.87 gjort fylgjande vedtak:

Planutvalet rår til at framlagte plan for bustadbygging vert retningsgjevande for kommunen sin aktivitet innan planperioden. Plan for aktuelle utbyggingsområde i Austebygda vil verta lagt fram så snart han ligg føre. Endeleg prioritering av tilretteleggings-/utbyggingsoppgåver vert å koma attende til i samband med utarbeidinga av langtidsbudsjett for kommunen. Kartfesting av prioriterte utbyggingsområde vert så å leggja inn på arealbrukskartet.

Rådmannen sine merknader:

Planen skisserer aktuelle område for bustadbygging i planperioden, og det er lagt opp til ei balansert utbygging i heile kommunen med ei best mogleg tilpassing til eksisterande/planlagte lokale servicefunksjonar. Framlegg til aktuelle bustadområde i Austebygda er under arbeid, og vil verta lagt fram til vurdering så snart materialet ligg føre. Eg rår til at framlegget til sektorplan for utbygging - bustadbygging, vert lagt til grunn for arbeidet i sektoren i planperioden.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Framlegg til sektorplan for utbygging - bustadbygging, vert retningsgjevande for kommunen sin aktivitet i planperioden. Planen for aktuelle utbyggingsområde i Austebygda vert å leggja fram så snart han ligg føre. Endeleg prioritering av tilretteleggings-/utbyggingsoppgåver vert å koma attende til i samband med utarbeiding av langtidsbudsjett for kommunen. Kartfesting av prioriterte utbyggingsområde vert så å leggja inn på arealbrukskartet.

Formannskapstilråding:

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannens framlegg til vedtak.

166

**Representanten Meinert Helland** sette fram fylgjande framlegg:

Radøy kommune har som målsetjing å oppretthalda folketalet best mogeleg, i kvar krins. Det må difor godtakast noko meir spreidd bustadbygging i dei krinsane der det ikkje vert tilrettelagt bustadfelt.

Etter diverse drøftingar m.a. i gruppemøte sette **representant** **Gunvald Hella** fram fylgjande framlegg:

Kommunestyret ber om å få framlagt årlege bustadbyggeprogram, og at det i den samanheng vert lagt opp til auka bustadbygging i nordre delar av kommunen.

**Vedtak:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilsrådinga saman med framlegga frå Meinert Helland og Gunnvald Hella.

123/87. SØKNAD OM KONSESJON FOR KJØP AV GNR. 24, BNR. 13, 38 og 74 AV BØ I RADØY

Søkjjar: Harald Mellingen, 5125 Bøvågen.

Seljar: Asmund Haugland, 3440 Røyken.

Heradsagronomen har gjeve slik tilråding til landbruksnemnda:

Landbruksnemnda tilrår konsesjonsøknaden og har ingen merknader til prisen. Helge Rikstad har og god bruk for tilleggsjord til sitt bruk, gnr. 22, bnr. 1, men etter ei samla vurdering vil landbruksnemnda ikkje tilrå at Staten nyttar forkjøpsretten.

Landbruksnemnda har i møtet 10.09.87 drøfta saka og 4 medlemmer røysta då for heradsagronomen si tilråding.

1 medlem gav slik tilråding:

Landbruksnemnda tilrår at Staten ved fylkeslandbruksstyret nyttar forkjøpsretten til fordel for Helge Rikstad. Landbruksnemnda legg sterkt vekt på at vedkomande bruk har vore hausta i 25 år av eigaren på gnr. 22, bnr. 1 og drifta er difor tilpassa dette arealet.

Rådmannen sine merknader:

Eg syner til landbruksnemnda si utgreiing/tilråding, og eg er samd i dei synspunkt som fleirtalet i nemnda ligg til grunn for tilrådinga si. Både konsesjonsøkjjar og Helge Rikstad har god bruk for tilleggsjord. Arronderingsmessig er der heller ingen skilnad. Eg legg avgjerande vekt på at konsesjonsøkjjar har bygd ny driftsbygning, og at han såleis utan nye investeringar kan ta inn tilleggsjorda i sitt driftsopplegg.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Radøy kommune rår til at konsesjon for overtaking av gnr. 24, bnr. 13, 38 og 74 av Bø, vert gjeve i samsvar med søknaden.